Idag driver det med nogen snøfiller. Svært kalt så vinteren står nok for dør i høgheia. Pusler og steller, hugger ved og lit av hvert. N. kom opp i dag med proviant. Han vil vist sette meg på "gjøkur" N. fortalte om mange, som hadde tatt ryming, og mangen var arestert i Bjerkreim. Hvad skal dette bli til? Han fortalte at Russen hadde tatt Kirkenes og at Håkon hadde lovt, at vi skulle være frie til Jul. Ja var det så 'vel.

30/10

Snøslud og kalt. Har vert å henta provianten i andre enden av vannet. Det er en god halvtime å ro hver vei. Var samtidig oppe i et annet vann og trekte et par garn for N. Det var en overmåte sur og kall jobb. Måtte klæ av mig og vaste omtrent til livet og dette mens snøfillene føk. Trodde helst jeg ikke hadde greid det. Måtte gå et langt stökke og holle oppe buksene med hendene, da det var

ganske umulig å få dei opp på nogen rimelig måte. Fekk 10 svære aurer, så store, som makrel. Dette var den finaste aure jeg nogen gang har sett. Men jeg fristes ikke til å gå en gang til.

31/10

Endelig klart og fint veir. 1 tomme snø rundt hytta. Har ligget meget våken inatt. Ett eller annet dyr har kommet inn mellom kledningen og veggen i hytta og holdt et svare leven. Tror helst det er en Lemen, siden det kryr av desse smådyr over alt i heia. Har vert og revet tørr einer og samlet endel næver. Det gjelder om å samle brendsels før snøen kommer for alvor. Det har vert en ualmindelig fin dag. Solskinn og stilt. Måtte dette veiret vare utover en god stund, da var det bare moro å være i heia. Skal ha steikt aure til kvelds. Den skal nok smake. Har hatt svært vont i ryggen de siste 3 dagene. Bare jeg ikke blir sengeliggende?

1/11

Overskyet og stilt, se helst ut til å komme regn. Var en rotur etter ved. Måtte banke isen med årene ca 50 m for å komme ut i open vann. I ettermiddag var jeg å satte opp 16 rypesnarer. Hadde tenkt å satt opp mange fler, men så kom regnet, og nu regner det så det traser på sinktaket. Får nok være med snarene til det blir fint veir. Det verst er å lage maten. Hadde jeg bare hatt en som kunne stelt for meg. Klokka er 3 og jeg begynner å tenke på kveldsmaten. Skal ha steikt aure og poteter til kvelds. Spiser bare 3 ganger for dagen.

2/11

Har vert å henta en sovepose, det var helst kalt om nettene med de sengklær jeg hadde. N. kom opp med et halvt nyslakta lam, og 1 flaske akevitt som han sa jeg skulle ha vist jeg en gang blev syk eller forkjøla. Han tenker på alt. Måtte jeg en gang få anledning å gjøre han en tjeneste igjen. Fint og kalt. Fikk 3 ryper i snarene dag.

3/11

Har satt noen snarer. Har nu 35 alt, men skal sette mange fler. Har hugget og dradd hjem endel ved. Det gjelder om å være forberedt om jeg skulle måtte ligge her hele vinteren. Idag har veiret vært stilt og fint, ikke nevneverdig frost.

4/11

Idag snør det fra vest. Snøen er kram, så det slår sig vel helst over i regn, før morgendagen. Har ligget inne hele dagen. I morgen er det søndag, da venter jeg N. med proviant og muligens noen nyheter. Har ikke kunnet se om snarene idag på grunn av snødrevet.

5/11

Søndag. Det har vært en uveirsnatt av de fæle, med storm fra vest og sluddbyger. Stundom var jeg redd at hytta skulle ryke i filler. I dag er det snøslud, så det er ikke utkommende. N. kom opp i dag med proviant. Han var blaut og fæl. Hadde aldrig trodd han tok ut i slikt veir. Han hadde lite nyheter å fortelle. Snakket om at det skulle være gjort en ny landgang i Mo?, må vel være Mo i Rana? Men det var nok bare rykte.

6/11

Storm og snødrev heile dagen, så det har vert lite råd å koma udenfor døra. Dagene blir svert lange i slikt veir. Det verste er å ha noget å legge i ovnen,- alt er blaut og felt. Nå er det -kvell og vinnen har stiltet noget av. Får håpe det blir ute værende i morgen. Hører toreslått så det blir gjerne veirforandring. Sendte brev til Gunvor i går. (Datter hans, g.m. Martin Kydland, Litla-Svela.)

7/11

Det snør driv og blæs idag og. Eg ligg inne og læs, det er ingen ting å gjæra en å koka maten. Det

er kome 5-6 tomar snø so no er det vinter for alvor her oppe.

8/11

Vakna inatt i ett-tida av flydur. Skvatt opp og ut døra, 10 for eg tykte det var svart nære, men eg kunne ikkje sjå noko. Dette gjentok seg gang etter gang. Jaja det er vel berre høna som er ute å matar kyllingaen sine. Månen er just passe stor og veiret er stilt og fint, så alt tyder på det. -Alt er so forunderlig stilt, ikkje høirer eg vind. Bekkjen som renn forbi hytta har og tagna. Frosten har bunne munnen hans. Idag då eg kom ut, hadde harepus sote utføre døra å glant. Ja her er ikkje så lite hare, det viser.

Var i søre ende av vatnet å henta poteter. N sko leggja dei ned der. Eg trang 3 timar å gå. Eg kan ikkje ro lenger, for store dele av vatnet er islagt. Då eg kom att, i 1 tida, gjekk eg å velte opp rjupesnorene. Dei var ganske nedsnødde. Eg har sett ut 36 snoror i alt. Blir været fint no nokon dagar, ventar eg god fangst.

9/11

Atter ein dag er faren. Veiret har holt seg fint idag og. Har helst helle meg inne. No ettermiddag var eg og såg om snorene. Fekk 2 rjupor. No i kvel ser det ut til å tjukna til. Det vert vel snø til natta. Kokte suppa på ei rjupa til middag i dag Det smakte ganske godt. Det er fyrste gangen eg har smakt det.

10/11

Veiret har vore fint og stilt idag og. Det blei ikkje mykje med fangsten, berre ei rjupa. Ja, ja det er ikkje så mykje om å gjera heller. Berre godt å ha noko å driva tida med.

11/11

Veiret er fint. Idag blæs det litt, og er litt mildare. Har dreve og kløyvd sund litt ved. Fekk 3 rjupor i snarene idag.

12/11

Sundag. Inatt har det blese temmeleg hart, frå aust. Det er litt skya idag og vinnen er kanskje litt spakare. Opphaldsvær idag og. Hadde venta N. opp i dag. Men no kvellar det alt, så det ser ikkje ut til at han kjem. N. har ikkje vore oppe sidan sist sundag. Er så grueleg forviten på nyheter, både uté og heime. Ja, ja, eg får trøsta meg med at han kjem opp i morgon, og at han då hev mykje å fortelja. Fekk 1 rjupa i snarene idag.

13/11

N. kom opp i dag med "proviant". Han hadde svart lite av nyheter, så eg vart helst vonbråten. Eg tek til å lengta og dagane vert sa fælende lange. Eg veit ikkje kor lenge eg greier dette. Den so berre hadde visst kost det hev gjenge med alle dei andre på Vaule. Vert føret godt Juletider veit eg ikkje om eg tek meg ein tur, ut i bygda og høyrer meg om. Fekk 1 rjupa idag og.

14/11

Det har snøa litt inatt, men idag er det opphal og litt vinn, så snarone er nok endel nedsnødd. Har vare og vølt opp snarone. Fekk 2 rjupor.

15/11

Det blæs kalt frå aust og fyk litt snø, så det er ikkje noko koseleg på fjellet akkurat. Driv tida med litt veahogging og snarone. Fekk 4 rjupor idag.

16/11

I natt hev det vore storm frå aust, so hytta hev rista, so det hev ikkje vorte mykje med svevnen. Det

ser ut til at vinteren tek til for alvor her oppe. Nede i bygda ser det ut til å vera bær mark og fint endå. Eg har fått meg eit lite husdyr. Det er ei lita Spissmus som fær og spring rundt føtene mine og er sa tam, at me slits om matsmulane rett som det er. Det blei berre 1 rjupa idag. I kveld er det svært kaldt, det kaldaste sidan eg kom her opp.

17/11

Det blæs kvar dag. Undrast på om det er slik nede i bygda og? Det vert kje greit å væra her når rette kjølen kjem. Får vel sjå å finna meg ein ny plass låkare nedi bygda. Når så langt lid. Tenkte snart at desse karane på andre sida Dammen, hadde gjort alvor av pratet, og kome å gjort ein ende på denne pina, som så mange er komne burti. Fekk 3 rjupor idag.

18/11

Då eg vakna idag, låg det ei stor snøfonn i senga mi og ute renner og blæs det så, at lufta står i eit einaste kok. Kan bare sjå nokre få m. Eg trur det er noko av det fælaste snødrev eg har sett. Men så har eg heller ikkje vore på høgfjellet i rektig uvær om vinteren. Det vert nok innestøa idag. Ikkje å tenkja på å ta seg ut til noko. Får nok sitja inne å driva tida med na "Maia". Det er den tamme spissmusa eg kallar så. Klokka er snart 3, og uveiret driv på, det same. Ja dagane vert grueleg lange når eg ikke kan koma ut, til nokon ting. Fær vona det vert likare med veiret i morgo

19/11

Søndag. Det har snøa og blese heile natta og endå held det på. Snøen ligg i store fenner over alt. Rjupone kom like heim til hytta i dag, og gjekk og pikka og åt i noko bjørkeris eg hadde lagt ned atmed vegg. Det dreiv og snøa så dei sansa kje meg om eg stod i døra, ikkje meir enn 2 m. ifrå dei. Klokka 2. Snødrevet har lagt seg. No regner det så smått og dryp av taket. Eg skulle ynskja at regnet ville halda på ei stund, sa noko av all denne snøen ville tina burt. Det er felt å gå å vassa i så mykje snø, så tidleg på vinteren. Har ikkje kome utfor døra til nokon ting heile dagen. Lange dagar



Det vart lange ensomme dager på disse fjellviddene i 700-800 meters høyde

20/11

Det har regne så smått i natt, og sneen har minka ein del. Har vore ute å grave opp snarone. Dei var ganske nedsnødd. Idag er det opphalds var og tjukk skodd. N. kom opp med proviant. Han hadde lite å fortelja, av nytt.

21/11

Ein dag er gjengen. Det er løie, eg ynskjer bare dagane må gå så fort som mogeleg. Fekk ikkje noko i snarene i dag. Det er helst blåsane og kaldt, snøen er hardfrosen og bær helst når ein går på han.

22/11

Idag er det stilt og fint veir med frost, og snøen bær oppe sa ein kan springa lett. Var ein tur uppe på dei høgaste toppene og såg ned yver bygda. Der nede er det bær mark og fint haustver og her oppe

er det full vinter. Fekk ingen ting i snarene idag heller. Rupa liker ikkje denne harde snøen.

23/11

Idag sneslud og vinn så det er ikkje stort ut komande. N. var uppum her idag. Han skulle vidare opyver og kom til å bli der oppe eit par dagar. Han er fjellman av dei fyrste.

24/11

Mildvær og isskorpe på snøen så det er eit ringt føre å gå i. Aktar meg utyver i bygda sa snart føret er til det. Greier ikkje å ligga her å ikkje få veta noko om dei andre. Ventar på ei frostnatt, sa tek eg ut. Månen er og passe stor no, sa det høver godt soleis. Fekk 1 rjupa i snarone idag.

25/11

I natt hev det snøa ein del. Det ser ikkje ut til eg fær taka iver dei fyrste dagene, veiret er så ustadig. Eg treng 2 dager på turen og vegen går yver dei høgaste heiane og no er det ein heil del snø, så eg vågar meg ikkje iver fyr veret vert stadig. Det er ei pine å liggja her å vente.



Her ved steinen til høgre stod hytta. Nå er bare noen plater av ovnen att på staden.

26/11

Søndag. Idag stilt og klår himmel. Var oppe tidleg idag. Eg hev bestemt meg til å ta iver. Her er mykje snø og tungt å gå, men eg tenkjer eg skal greie det. No er klokka 10 og eg må iver. Endeleg er eg fremme der eg hadde tenkt å slå meg ned for netta (I Austdal). Kl. er no halv fire. Det var ein kavesam tur og eg er trøyt som ein makk. Kokte kaffi og la meg når det myrkna. Kunne ikkje vera oppe lenger, då eg berre hadde ein liten lysestubb, og den trong eg i morgotidleg, da eg tenkjer å ta iver med same det lysnar, aldri sa lite.

27/11

Det blei lite med sovinga. Rottene heldt et svare leven i dette gamle huset, som ikkje finst folk. Eg var oppe kl. halv sju, åt og tok so iver i halv åttetida. Gjekk over ei høg hei og kom ned i garden x (Hegelstad) i 11 tida. Kvilte der til kl. var halv fem. Tok så avsted i halv femtida og kom til garden x. (Berland) då klokka var halv ni. Då hadde eg slik "gangspær" at eg var ganske stiv i leggene. Eg trur ikkje eg hadde greidd å gå lenger, om sjølve "Gestapo" hadde vore der og teke mot meg. X (Torleif Gåsland) var nettop komen heim kvelden før. Han hadde heller ikkje vore heima sidan me stakk den 23/10.

28/11

Godt å vera på kjendte tufter. Hev lege saman med x (Torleif) i "villaen" (Hytta på Berland) inatt og sove rektig godt. Mat og slikt hev me, og hev det godt på alle måter.

29/11

X stod opp kl 6 i dag, han måtte heim og snakke noko fyr det vart so lyst at uvadkomande kunne sjå han. Eg låg i senga endå då han kom att. Han var oppjaga og nervøs. Gestapo hadde i natt vore på næraste gard (Vikesdal) og arestert 6-7 mann.

30/11

Fyr me var oppe idag kom ein av gutane og sa att telefonen var stengt idag og me er svert forvitne på kva som er tess i dag. Får nok senda ein ”spæjar” avsted så mykje me fær høyre kva det er.

1/12

Regn so det trasar både igår og idag. Gestapo hadde sakt del ville brenne huset til X idag vist ikkje den guten som fekk ryma kom attende. Det vart ikkje noko av brenninga. “Bare bluff”. Det er klart att her er folk i bygda som sladrar til Tyskerane og me har nokon som er mistenkt. Ei av dei mistenkte, hadde uttalt til ei onnor kvinne, som bur i same huset, at folk måtte ikkje undrast på om dei fant henne daud ein dag. Ja hadde det berre vore så vel at heile “bølet” hadde lege med nasen i lufta. (Det var Torkel Vikesdal som rømte.)

2/12

Når veiret vert litt betre må eg av å prøva få tak i nokon til å stella maten for oss, her i villaen. Det er so tungvint å få all maten sendt opp frå garden.

3/12

Søndag. Alt stilt og roligt. Driver tide som best eg kan.

4/12

I kveld vil eg ta ut til x (?). Høyrer at alle Tyskarane er farne ut av Bjerkreim, sa det skulle vera nokonlunde sikkert å ta avstad. T (Torleif) var med meg yver brua. Eg takka for fylje og tog opp yver bakkane. Komen til S.bekk kom T. syklane etter og kunne fortelja at begge for= var arrestert og han viste kven som var på V (Vaule). Han kunne og fortelja at Jon og Sem (Vaule) var tekne og at ein av dei var såra. Då eg fekk høira dette snudde eg og gjekk attende til villaen.

5/12

Det snør og driv og veiret er surt. Har fått haurt at det er Sven K. og kjærasten som no er heime (på Vaule) og sjå Kristian er det nogen arbeidstenestfolk. Får nok ta meg ein tur seinare å sjå kost alt står til på V (Vaule).

6/12

Vi var oppe inatt kl 1, det var et felt leven med hundane heima på garden. Vi kunne ikkje forstå noko gale og la os til å sova att. Fekk høyre i dag at erkedevlane Hylskjer og Vikstrøm og to andre av same slag var skotne inne i Stavanger. Dette glear meg sa at desse 2 erkedjevlene endeleg er komne avdage

7/12

Fekk idag høyra at det var berre lygn at Jon og Sem var tekne. Arbeidar på tresko i villaen. Har ikkje høyrnt noko anna nytt i dag.

8/12

Har vore med på “myllo” heile dagen og ingen har uroa oss.

9/12

Idag har eg vore med i trøskinga heime på garden. Det er gildare å få væra saman med folk av og

til.

10/12

Søndag. Var heime på garden til kl. 1 idag. Siden har me lagt inn elektrisk lys i Villaen, so no slapp eg å spara på lyset, som eg har låte fyr. Fekk høyre idag att Tor og Leif (Vaule) var komne langt nordover og var i gode hender.

11/12

Var ein tur nede i bygda etter det var mørkt. Det var noko eg tenkte å fått gjort, men det gjekk ikkje, som eg hadde tenkt. Får vel helst gie opp å tenk ja på det.-

17/12

Søndag. Dagane går uten nokon sers hending, so det vert ikkje at eg skriv noko for kvar dag. Igår var eg ute på ein tur til V (Vaule). Tok ut i 6 tida om morgonen og kom att i halv ottetida om kvellen. Eg fekk frå gjøymeplassen min sjå at lensmannen og nokre andre karer drog avstad med 5 kalvar og kyr og leste dei på ein bil inne ved krossen. Ja det gjær meg forferdeleg vont å sjå slikt. Kjem me nokon gang attende til V. er der vel snaut for alt. Eg var helst tenkt å sjå om nokan av våre var ein eller annen stad der i nærleiken, men eg vart skuffa. Såg ingen ting. Stod og fraus heile dagen til fånyttes.

Og her sluttar Jonas Vaule å skriva dagboka si. Men det hendte han meir. Etter jul kom det snø, og då kom tyskarane og ville ta rømingane på sporet. Då reiste Jonas og Sigurd, son hans, til Ollestad i Heskestad. Men då tyskarane leitte etter rømingane der og, gjekk dei attende til Skåredalen. No tok Sigurd ut og ville til Sverige, men han vart arrestert. Og då Jonas høyrde det, var han redd at tyskarane skulle få vite kvar han heldt til, og då flytte han til Gunvor, dotter si, på Litla Sveta og hadde det fredeleg der til krigen var slutt. Jørgen Skjæveland

På Sveta budde Jonas frå februar 1945 til krigen var slutt, fortel Gunvor i 2002. Han budde på høgaloftet og stundom var han i ei ur på garden. Men det var ei vanskeleg og løyen tid, fortel ho. Dei måtte passa på at ungene (Marit på 3 1/2 og Alf på 2 år) og oldefaren deira (Torger Kydland på 94 år) ikkje måtte få sjå eller vita om Jonas. Det var viktig at færrast muleg visste om at dei gøymde ein ettersøkt person.

*

Inga Vaule forteller:

Bjerkreim Bygdablad hadde en artikkel i nr. 5-mai 1983. Foranledningen var «Song til Fridomsfesten på Vaule 29. september 1945». Innholdet i sangen vitner om harde krigsår for folket på Vaule. Etter krigen fekk folk vite om alt undergrunnsarbeidet i krigsåra på Vaule. Inga vart i 1983 intervjuet på Aldersheimen på Vikeså.

– *Korleis opplevde du å vera midt oppe i dette farlige arbeidet kvar dag, Inga?*

Eg visste om kva guttane mine dreiv på med. Eg såg sendaren i aksjon kvar dag, og var klår over at me kanskje ein dag måtte røma alle saman. Og rømingdagen kom. Dei som sende

meldinger over havet til England kvar dag, var klar over at nazistane kunne finda senderen. Spionasjenettet, med kurerer mellom Bjerkreim og Stavanger, var sårbart. Fleire gonger var det nære på at tyskarane hadde avslørt kureren som hadde med melding om båter og båtlastar med krigsmateriell til den tyske krigsmakta. Meldinger som skulle via Vaule til England.

Ein septemberdag i 1944 fekk Vaulegardane melding om at Otto Olsen, ein av kjernepersonane i motstandsørsla i Rogaland var teken på Ålgård. Han kom den dagen frå Vaule saman med Leif Vaule. Begge vart tekne av nazistane.

Klokka halv eit om natta den 13. september 1944 fekk Vaulefamiliane ordre om å røma frå garden.

– *Korleis opplevde du denne natta, Inga?*

Det var eit fælt oppstyr. Me hadde frykta denne dagen lenge. Alle skulle avstad i ein fart. Me var visst litt i svime og. Jonas, mannen min, sprang rundt i huset på leit etter bukseselane sine. Buksa helt han oppe med den eine handa og etterkvert oppdaga han at selane heldt han i den andre handa. Kvar drog til sin kant. Mennene for avstad til sine kontakter rundt i bygda.

Det var i siste liten dei på Vaule kom seg unna. I boka til Jørgen Skjæveland «Bjerkreim i krigsåra», står det at Hölcher alt kom ned Runaskaret med 9 bilar fulle av væpna tyskarar då rømlingane tok ut fra Vaule.

– *Korleis kom du deg vekk, Inga?*

Oppe på Storsheia fekk eg skyss til Vinningland. Deretter til Stavanger. På Stavanger Sykehus visste eg at overlægen og ei oversyster var med i motstandsørsla. Desse beordra meg innlagt på sjukehuset. Eg skulle liksom ta ein underlivsoperasjon. Her fekk eg einerom og hadde gode dager. Overlegen gav meg ordre om å vera alvorlig då doktorane og sjukesytrene kom inn for å ta prøver av meg. Det var en løyen situasjon. Der låg eg på sjukehuset heilt frisk. Etter 9 dagar vart eg utskiven.

Eg vart henta av motstandsfolk. Då eg forlot sjukehuset sa doktoren at eg måtte koma att dersom eg fekk problemer med sjukdommen igjen. Hjø ein frisør vart håret mitt farga og nye klær vart henta fram. Til og med briller sette dei på meg.

Etter å ha vore hjå ein lærer Egenberg, fekk eg nytt pass med nytt navn. Nå skulle eg ei tid vera heimhjelp hjå apoteker Diserud i Stavanger. Den 12. januar 1945 kom ei ukjent jente og henta meg. Tinga mine vart pakka og avstad til Sverige bar det.

– *Hadde du nokon kontakt med familien din i denne tida?*

Nei, eg visste lite og ingenting. Det var ofte vondt for meg å leva i uvisse. Eg visste at dersom nokon av gutane vart tekne av nazistane, ville dei få ein hard medfart. Den første eg trefte av familien etter rømninga, var sonen min Jon. Han var komen seg over til Sverige og arbeidde på ein gard utanfor Stockholm.

Eg har aldri følt meg så bortkomen nokon gång, som den gongen eg skulle vitja Jon i Sverige. I et framandt land, med toget inn i ein storby, ikkje et kjent ansikt, ikkje eit kjent haldepunkt i det heile. Men eg fant fram.

Etter krigen var det Jonas, mannen min, som først kom heim til Vaule. Det var nok eit trist syn som møtte han. Huset var tomt for alt. Sengeklær, steintøy, reidskaper, mat og klær var stole. Mesteparten av dyra våre var slakta. Me måtte starta fra nytt av.

Sjølv fekk eg fylgja eit fangetog frå Sverige heim til Norge. Fangane var norske studentar på veg heim frå fangeleirar i Tyskland. Mellom anna trefte eg doktor Vedelden på dette toget. Han vart teken til fange i studenttida. Alfild var den siste av familien som kom heim. Ho kom og frå Sverige.

Utpå hausten sende me bod på alle som hadde vore på Vaule som motstandsfolk og flyktingar under krigen. Saman ville me feira fridomen – og alle kom. Me dansa i det nye smalahuset vårt, og gledde oss over at dei mørke åra nå var farne. Dette var vår Fridomsfest den 29. september 1945.

Skjulestad i hevdabingen

Her forteller Sem Grøtteland bakgrunnen for at han låg i kassen under hevdabingen medan sjølvaste Gestapos forhørsleder og fryktede mann Arnold Hölscher stod bare to meter frå ham og leita.



Garden Grøtteland vinteren 1946/47. Heimehuset og fjøset har nå fått takpanner isteden for torvtak, og et påbygg med kvist over det gamle inngangspartiet, ellers slik den var under krigen.

Det eg her vil fortelja om starta 2. november 1944. Tyskarane hadde vore på Vaule, folka der hadde rymt eller vorte arresterte. Eg tok til å kjenna meg utrygg, eg hadde sjølv vore med og teke mot slepp frå England, og fleire med kontaktar til dette hadde vorte arresterte. Kanskje kom dei til å røpa noko, best å vera på vakt.

Ein kveld banka det på døra. Eg for opp og ut eit av vindaugo på baksida, sikker på at her kom tyskarane. Men det var kjentsfolk; Alf og Terje Vikeså. Dei hadde flykta, kom ned frå heia der dei hadde vore 2-3 dagar. Dei rekna med eg kunne ha tyskarane på døra kva tid som helst, eg burde ta ut med det same. Me vart sitjande og snakka ei stund og vart samde om at dei skulle ta seg opp til ei hytte ved Kodlhomstjørn, hytta til advokat Hugo Parr. Eg skulle koma opp dagen etter. Hadde eg visst kva som sidan hende skulle eg fylgt dei same kvelden.

Tidleg neste morgon, i 6 tida, ringde telefonen. Det var Serina Austrumdal, som fortaIde at tyskarane var i garden der med ein masse bilar. Dei hadde kjørt det siste stykket av vegen med sløkte lys, funne fram i måneskinet. I den tida var der ikkje veg lenger enn til Austrumdal, heldigvis. Eg var klar over kva dei ville og stakk til fjells, ikkje langt. Frå ein bakketopp kunne eg

fylgja med i det som føregjekk. Det gjekk eit par timar før dei kom, det hadde lysna såpass at eg såg dei ganske godt. Dei hadde delt seg i to flokkar: Den eine kom rette vegen over brua, medan dei andre tok snarvegen over elva, bak husa til Vilhelm Gjedrem. På dette viset fekk dei omringa huset i ein fart. Hadde eg vore inne, hadde det vore uråd å kome seg vekk usedd.

Nå sat eg trygt på bakketoppen. Eg rekna 42 mann som storma fram mot husa, godt folka for å ta ein einsleg mann. Inne tok mor i mot dei, ho sa eg var på Sandnes med slakt, og at eg då alltid pleidde stoppa nokre dagar. Ein av tyskarane, dei trudde det var Hölcher, spurde om nokon hadde varsla om at dei kom. Mor svarde som sant var: " Det var du sjølv, då du ringde frå Austrumdal og tinga telefon til Bryne". I den tida hadde vi rikstelefon på Grøtteland. Alle samtalar som gjekk ut måtte tingast gjennom oss.



Den fryktede gestapisten Arnold Hölscher var med til Grøtteland (han som peker på kartet). Han begikk selvmord etter tyskernes kapitulasjon i 1945.

Tyskarane romsterte rundt over alt, men fann ingen ting. Til slutt kom ein av tyskarane bort til far og sa at dei visste her var kome folk ned frå England, og at me hadde halde dei med mat. Han påstod dei var komne ned ein stad som heitte Myrstøl. Far visste vel at der hadde ingen kome ned, så han tilbød seg å fylgja dei til Myrstøl, ein støl vest for Homme. Men til dette svara tyskaren: "Nei, nei. Englis - englis" . Dei trudde det krydde av engelskmenn innpå der.

PÅ RYMING

Etter eit par timar, drog tyskarane, trudde eg. Men eg våga meg ikkje heim, eg drog opp til hytta der Alf og Terje låg. Dei fekk seg ein god støkk då eg banka på, dei trudde eg hadde med tyskarar. Me var ikkje trygge, og heldt vakt ei stund kvar. Vi stod slik at vi kunne fylgja med kva som føregjekk på Grøtteland. Utpå dagen ville eg ta meg ein tur ned for å sjå om der var noko mistenkeleg, me hadde ikkje sett noko frå utkiksposten vår. Eg nærma meg husa. Då eg var 100 m frå, sette hunden i å gøy. Far, som sat i kjellaren og hogg ved, kom ut og fekk vinka meg bort i siste liten. Eg kom meg i dekning i ein fart. Det synt seg at 4 tyskarar og ein norsk nasist sat att i von om at eg skulle koma heim, dei trudde eg var dum nok til å koma att frå "byen".

Eg for ikkje langt, ville sjå om dei drog. Far heldt auga med meg, og medan vaktene sat inne og åt, kom han med eit spann komla til meg, 100 m frå husa. Det siste far sa då eg drog, var at han rekna med at tyskarane ville ta han som gissel. Men slik gjekk det ikkje: Tyskarane vart henta etter ei veke, ingen vart tekne med.



Sem forteller at her satt han og åt komler mens tyskerne satt vakt i huset. Herfra hadde han god utsikt til heimen.

Nå for eg opp til hytta og slo lag med Alf og Terje. Me våga oss ikkje til å sova i hytta, men tok med oss soveposane og la oss til eit stykke ifrå. Det var ei fin natt, stjerneklar og bortimot fullmåne, men der var kaldt. Neste morgon vart me samde om å flytja på oss. Alf meinte me kunne dra til Holmavatnet, aust for Hegelstad. På ein holme i vatnet hadde ein Torjusen hytte, og Alf visste om båten så vi kunne koma oss ut dit. Me starta opp utpå dagen, veret var like fint, men kaldt. Me gjorde ikkje rekning med å nå fram før neste dag, difor fann vi oss ein leirstad i Padlahom.

Her slo me opp telt, eit lite tomannstelt. Det var trengt for alle tre. Eg vart liggjande mellom Alf og Terje, men føtene fekk eg ikkje plass til så dei låg utanfor. Om natta kom det mykje snø, og om morgonen fann eg soveposen begravd i turr nysnø.

TIL HOLMAVATNET


Nå låg Rambjørheia føre oss. Snøen hadde blese saman, nokre stader vassa me til knes i fennene. Men langt om lenge kom me fram til Holmavatnet, fann båten og kom oss over til holmen. Snart stod me i hytta. Ho var lita men koseleg. Turr ved var der i massevis. Me tok fram den vesle maten me hadde att, og litt kaffe fann me i hytta. Då smaka maten godt. I hytta hang to fiskegarn, og då me hadde ete drog me ut og sette desse. På den tida var der masse stor fisk i Holmavatnet. Om morgonen då me drog inn garn, var dei fulle av fisk. Me steikte og åt mest heile dagen, resten av maten hadde me ete opp dagen før. Me måtte få tak i meir mat. Alf og Terje ville ta seg ned til Vikeså, og eg ville ta inn til syster mi, Ragna, på Vikesdal. Dette gjekk godt, me fekk med oss ein masse mat, så me trudde det skulle vara den veka me hadde tenkt å vera der. Terje hadde fått med seg ei sangbok frå Vikeså, denne vart flittig brukt om dagane, det korta tida.

NY GØYMEPLASS I HEVDABINGEN

Så kom tida til å skiljast: Alf og Terje ville prøva å ta seg over til Sverige, eg ville heim og finna meg ein stad der til å gøyma meg om tyskarane skulle koma att. Eg kom til Austrumdal utpå

kvelden og banka på. Serina kom ut. Eg spurde om ho ville ringja heim for å høyra om vegen var klar. Ho skulle spørja om nokon hadde vore og henta dei fem bukkane frå Veen som vi hadde funne på heia. Mor forsto straks kva ho meinte, og sa dei hadde vore og henta dei. Eg reiste då heim.

Alt dagen etter tok eg til å laga ein stor kasse som eg ville grava ned under hevdabingen. Det var eit vanskeleg arbeid, alt måtte klaffa, hylle til radioen måtte eg og ha. Eg hadde apparat under heile krigen. Far var med og fekk kassen på plass: Rett under der me skufla ned hevda, laga me hol til han. Dette hadde aldri gått i dag når kyrne får berre silo og mjøl, eg hadde drukna. Ei luke var inngang. Om kvelden når eg la meg, måtte far fylgja for å dekkja luka med hevd. Luft fekk eg frå eit røyr bak i kassen. I denne kassen låg eg heile vinteren, følte meg nokså trygg. Om dagane var eg ute og arbeidde. Eg hadde gode kontaktar på Malmei, Maudal og Ørdsalen, kom tyskarane nokon av desse stadane, vart eg varsla.



Kassen Sem grov ned i hevdabingen.

Eg var mest til å tru at tyskarane hadde gløymt meg, men så ein dag var Serina på telefonen att: Nå var tyskarane i garden, 8-10 lastebilar. Dei var alltid mannsterke. Men denne gongen låg eg trygt i kassen under hevdabingen. Eg låg spen og venta, lydde for å høyra noko. Plutseleg vart døra inn til der eg låg opna. Eg såg lyset frå ei lommelykt som sveipa over hevda. Dei fann visst ut at her kunne ikkje vera folk. Seinare fekk eg høyra at det var sjølve gestaposjefen som hadde stått i døra med lykta, to meter frå meg

ROLEG VINTER

Denne gongen for dei utan å setja att vakt, og utetter vinteren var her roleg. Vinteren gjekk med daglege gjeremål. Me fekk Torkel Vikesdal på besøk, eit sykenbarn. Han var og ettersøkt av tyskarane, og gav seg til hjå oss. Vi farta rundt i heia med rypesnarer og jakting. På ein av turane traff eg på Torger Hetland, ein av dei som var komen ned her. Han slo seg og til hjå oss i påvente av at krigen skulle ta slutt, det såg ut til å vera like før nå. Påsketider tok me tre til fjells, ville ikkje møta påsketuristane. Me slo oss til i hytta til Henry Imsland, ved Bleievatnet.

Det vart svært tidleg vår dette året. Heile mars var snøberr langt nedetter fjella, gradestokken synte opp mot 20 grader, og skogen tok så smått til å grønka. Då vi kom ned frå fjellet etter påske var eg lei møkkadungen. Me tre slo lag og flytta opp til ein stor heller som heiter "Fantehelleren". Her var me til freden kom.

Sem Grøtteland

(kilde 4)



Sem Grøtteland i slåttan tidlig i 1950-åra

KILDER

1. Bernh. Lund: Det hendte i Rogaland, 1960
2. Georg Fuglestad: Vikeså-Fuglestadætta
3. Jørgen Skjæveland: Bjerkreim i krigsåra
4. Bjerkreim Bygdablad nr. 10 – desember 1989